



Saksnr
16/3192-10

Løpenr
30233/16

Arkivkode
033 &00

Avd/Sek/Saksh
LU/LU/EFO4925

Dykkar ref

POLITISK DELEGERINGSREGLEMENT FOR 2016 - 2020

1. HEIMEL

Delegeringsreglementet er utarbeidd på grunnlag av Lov om kommunar og fylkeskommunar 25. september 1992 nr. 107 (kommuneloven) og aktuelle særlover.

2. DEFINISJONAR

2.1 Delegering

Med delegering meiner ein kompetansetildeling frå det opprinneleg kompetente organet, t.d. kommunestyret, til underordna organ, t.d. formannskap eller hovudutval.

2.2 Vidaredelegering

Formannskap, hovudutval og underutval kan vidaredelegera avgjerdsmyndighet (dersom kommunestyret ikkje har bestemt anna, eller anna følgjer av lov) som følgjer:

- Delegera til utval som er nedsett for å greia ut spesielle spørsmål/saker. Slike utval kan òg få myndighet til å avgjera enkeltsaker som har direkte tilknytning til utvalet sitt oppdrag, kfr. k.loven § 10 nr. 5.
- Delegera myndighet til rådmannen å gjera vedtak i enkeltsaker eller i typar av saker som ikkje er av prinsipiell betydning.

3. GENERELLE FØRESEGNAR

3.1 Generell myndighet

Kommunestyret gjer vedtak på vegne av kommunen så langt anna ikkje følgjer av lov eller delegeringsvedtak.

3.2 Retningslinjer for bruk av fullmakt

All delegert myndighet skal utøvast i samsvar med dei saksbehandlingsreglane som følgjer av lover, føresegner og god forvaltningsskikk. Elles skal delegert myndighet utøvast innanfor plan- og budsjettammer og andre reglement og retningslinjer vedtatt av overordna organ.

3.3 Tilbakekalling av delegert myndighet

Den delegerte myndigheten kan når som helst bli trekt tilbake. Dette gjeld òg for enkeltsaker. Vedtak om tilbakekalling av delegert myndighet må gjerast av det organet som har vedtatt delegeringa.



3.4 Omgjeringsrett og rett til å bringa sak inn for overordna organ

Eit overordna organ kan på eige initiativ omgjera eit enkeltvedtak utan at dette er påklaga, kfr. Forvaltningsloven § 35.

3.5 Rett til å avstå frå bruk av delegert myndighet

Den som har fått delegert myndighet, kan i særskilte tilfelle overlata til overordna organ å treffa avgjerd i ei konkret sak.

3.6 Rådmannen sin delegerte myndighet

Rådmannen utarbeider sjølv, innanfor rammer fastsette av delegerande organ, retningslinjer for intern vidaredelegering og bruk av slik myndighet.

3.7 Kontroll, oppfølging og rapportering

Kommunestyret kontrollerer gjennom kontrollutvalet at delegert myndighet vert utøvd i tråd med reglar og intensjonar for delegering. Den etablerte delegeringspraksisen skal jamnleg evaluert, minimum ein gong i valperioden.

Tre eller fleire medlemmer av kommunestyret kan saman bringa avgjerd treft av eit folkevald organ eller den kommunale administrasjonen inn for departementet (fylkesmannen) til legalitetskontroll, kfr. k.loven § 59 / Reglement for Klepp kommunestyre § 24.

Årsrapport og tertialrapportar vert elles nytta som tilbakerapportering til kommunestyret frå rådmannen om status på viktige saksområde for kommunen.

4. FASTE OG PARTSSAMANSETTE UTVAL

4.1 FASTE UTVAL

Kommunestyret opprettar sjølv faste utval for kommunale føremål eller delar av den kommunale verksemda. I Klepp kommune er desse faste utvala oppretta:

- Formannskapet (§ 8 i kommuneloven)
- Hovudutval for lokal utvikling (§ 10 i k.loven)
- Hovudutval for helse og velferd (§ 10 i k.loven)
- Hovudutval for skule og barnehage (§ 10 i k.loven)
- Kontrollutval (§ 77 i k.loven)

4.2 PARTSSAMANSETTE UTVAL

- Administrasjonsutval (§ 25 i k.loven). Utvalet er samansett av medlemmene i formannskapet (9) + fire (4) medlemmer valde av og mellom dei tilsette.
- Arbeidsmiljøutval (AMU) (Lov om arbeidsmiljø kap. 7)
- Senior- og brukarråd (9 medlemmer)
- Samarbeidsutval/driftsstyre (oppl.loven § 11-1, første ledd og Lov om barnehagar §§4 og 5, driftsstyre etter §§ 11 og 20, fjerde ledd i k.loven) Hovudutval for skule og barnehage oppnemner kommunen sin representant.

5. KOMMUNESTYRET

5.1 Lovpålagde oppgåver

Nedanfor er opplista oppgåver som er lovpålagde for kommunestyret å behandla, anten fordi dei ikkje kan delegerast, eller fordi dei ut frå sitt prinsipielle innhald, storleik og/eller omfang skal avgjerast av kommunestyret.

5.1.1 Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 1992 nr. 107

- Endra kommunestyret sitt medlemstal - § 7 nr 3
- Velja formannskap - §§ 8 og 17
- Velja ordførar og varaordførar - § 9 nr 1
- Oppretta faste utval, fastsetja arbeids- og ansvarsområde for desse (reglement), og velja medlemmer/varamedlemmer og leiar/nestleiar, § 10 nr 1, 3 og 6
- Overføra myndighet i hastesaker - § 13
- Tilsetja rådmann - § 22 nr 2
- Avgjera åremålstilsetjing i administrative stillingar - § 24 nr 2
- Velja medlemmer og leiar/nestleiar i administrasjonsutvalet - § 25 nr 2
- Fastsetja retningsliner for tilsette sin møterett - § 26 nr 4
- Vedta oppretting av styre for interkommunalt samarbeid - § 27
- Overdra tariffmyndighet - § 28
- Fastsetja reglar for føring av møtebok - § 30 nr 3
- Vedta om møte skal haldast for lukka dører - § 31 nr 4 og 5
- Vedta reglar (reglement) for saksbehandlinga i folkevalde organ - § 39 nr 1
- Vedta reglar for folkevalde sin rett til innsyn - § 40 nr 5
- Vedta reglar og satsar for godtgjering - §§ 41 og 42
- Vedta økonomiplan og endringar i denne - § 44 nr1
- Vedta årsbudsjett, herunder også stillingsrammer, og vesentlege endringar i budsjetttrammene - § 45 nr 2
- Vedta årsrapport og årsrekneskap, og disponering av rekneskapsmessig overskot - §48
- Gjera prinsippvedtak vedkomande opptak av lån - § 50
- Vedta garantiar og pantsetjing for andre sine økonomiske plikter - § 51
- Treffa vedtak om betalingsinnstilling - § 56
- Velja kontrollutval - § 77
- Vedta oppretting av kommunale føretak - § 62
- Vedta finansreglement
- Vedta økonomireglement
- Vedta informasjonsplan - § 4

5.1.2 Lov om kommunale helse- og omsorgstenester av 24. juni 2011 nr. 30

- Fastsetja betalingssatsar for mottakarar av helse- og velferdstenester (gjennom årlege budsjettvedtak) - § 11 - 2 i loven.
- Vedta beredskapsplan for helsetenesten i kommunen - § 5-2

5.1.3 Lov om folkehelsearbeid av 24. juni 2011 nr. 29

- Ha oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorer i kommunen § 5

5.1.4 Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa av 17. juli 1998 nr. 61

- Plikt for kommunen til å sørjja for grunnskuleopplæring og spesialpedagogisk hjelp - § 13-1
- Gje forskrift om målform ved skulane i kommunen - § 2-5, første og siste ledd
- Gje forskrift om kva skule dei ulike områda i kommunen soknar til - § 8-1
- Sørjja for tenlege grunnskular/skuleanlegg (Skulebruksplanen) - § 9-5

5.1.5 Lov om barnehagar av 17. juni 2005 nr. 64

- Ha det overordna eigaransvaret for dei kommunale barnehagane - § 7
- Ha det overordna ansvaret som barnehagemyndighet - § 8
- Vedta utbyggingsplan for barnehagar i kommunen - § 8 andre ledd

5.1.6 Lov om interkommunale selskap av 29. januar 1999 nr. 6

- Inngå selskapsavtale - § 4
- Velja medlemmer til representantskapet - § 6

5.1.7 Lov om brann- og eksplosjonsvern av 14. juni 2002 nr. 20

- Vedta feieavgift - § 28

5.1.8 Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. av 2. juni 1989 nr. 27

- Vedta alkoholpolitisk handlingsplan med retningsliner - § 1-7d
- Fastsetja det høgste talet på utsalsstader for A/S Vinmonopolet innan kommunen og godkjenna utsalsstad - § 3-3

5.1.9 Valgloven av 28. juni 2002 nr. 57

- Oppnemna valstyre, og velja leiar/nestleiar - § 4-1
- Føra kontroll av kommunestyrevalet § 13-4

5.1.10 Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) av 17. juni 2005 nr. 101

- Kommunen som lokal matrikkelstyresmakt, fastsetja gebyrsatsar - § 5a, 2. ledd

5.1.11 Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg av 16. mars 2012 nr. 12

- Fastsetjing av forskrift om vass- og kloakkgebyr - § 3
- Fastsetjing av storleiken på vass- og kloakkavgifta (vedta gebyrregulativ) ved vedtak i økonomiplanen - § 3

5.1.12 Lov om vern mot forurensning og avfall av 13. mars 1981 nr. 6

- Vedta forskrifter om avfallshandtering i kommunen - § 30, 2. og 3. ledd
- Fastsetja kommunalt gebyr til dekking av kostnader i samband med avfallshandtering (innsamling, mottak, oppbevaring, behandling og etterkontroll m.v) - § 34, 1. ledd

5.1.13 Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008 nr. 71

- Vedta kommunal planstrategi, kommuneplan og reguleringsplan - § 3-3, 2. ledd
- Oppretta ei særskilt ordning for å ivareta barn og unge sine interesser i planlegginga - § 3-3, 3. ledd
- Behandla private reguleringsplanforslag som er avslått fremja av Hovudutval for lokal utvikling dersom forslagsstillaren krev det og planen er i samsvar med arealdel og områderegulering kommuneplanen - § 12-11
- Vesentleg endring av reguleringsplan - § 12-14
- Vedta ekspropriasjon til gjennomføring av reguleringsplan eller busetnadsplan - § 16-2
- Vedta ekspropriasjon med samtykke av departementet uavhengig av reguleringsplan - § 16-3
- Med samtykke frå departementet føreta ekspropriasjon for å sikra kommunen grunnareal til ny tettbebyggelse - § 16-3
- Vedta ekspropriasjon til vass- og avløpsleidning - § 16-4
- Samtykkja til privat ekspropriasjon til tilkomst, avløpsanlegg og fellesareal, samt parkbelte i industriområde - § 16-5

5.1.14 Lov om kirkegårder, kremasjon og gravferd av 7. juni 1996 nr. 32

5.1.15 Lov om den norske kyrkje (kirkeoven) av 7. juni 1996 nr. 31

- Velja kommunal representant i kyrkjeleg fellesråd - § 12

- Løyva midlar etter reglar om kommunen sitt økonomiske ansvar - § 15
- 5.1.16 Lov om helsemessig og sosial beredskap av 23. juni 2000 nr. 56**
- Vedta beredskapsplanar og eventuelle delplanar etter innstilling frå Hovudutval for helse og velferd - § 2-2

5.1.17 Lov om vern mot smittsomme sykdommer av 5. august 1994 nr. 55

- Kommunestyret gjer vedtak i saker av prinsipiell karakter

5.1.18 Lov om folkebibliotek av 20. desember 1985 nr. 108

- Fastsetja reglement for folkebiblioteket på grunnlag av rettleiande retningsliner som departementet gir for bibliotekdrifta - § 4

5.1.19 Lov om pengespill av 28. august 1992 nr. 103

- Vedta kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv etter retningsliner gitt av departementet.

5.1.20 Val av medlemmer til særlovsorgan og andre samanslutningar

- Velja medlemmer til særlovsorgan slik det går fram av den einskilde særlov.

5.1.21 Lov om forsøk i offentlig forvaltning av 26. juni 1992 nr. 87

- Fastsetja vedtekter for forsøk i kommunen - § 5

5.2 Ikkje lovfesta saker som skal behandlast og avgjerast av kommunestyret

- Vedta retningsliner for innkjøpsarbeidet i kommunen
- Oppnemna medlemmer i interkommunale stiftingar, styre og råd som ikkje er regulert av lov om interkommunale selskap og Kommuneloven kap. 11 (kommunale føretak)
- Vedta tomtetildelingsreglar og reglement for loddtrekking ved tildeling av kommunale bustadtomter
- Vedta nye tiltak/endringar i kommunen sitt tenestetilbod, eller vesentlege endringar i eksisterande tiltak/tilbod
- Inngå langsiktige avtalar av prinsipiell karakter
- Vedta den politiske organisasjonsstrukturen, og den administrative hovudstrukturen
- Andre saker som ut frå sitt prinsipielle innhald eller økonomiske omfang bør behandlast av kommunestyret
- Vedta overordna tema- eller sektorplanar etter innstilling frå Formannskapet eller hovudutvala, avhengig av plantype. Desse skal så langt råd er rullerast i samband med økonomiplanbehandlinga kvart år.
- Fastsetja betalingssatsar og betalingsreglar for kommunale tenester gjennom årlege budsjettvedtak.
- Vedta retningsliner for tilskot til frivillige lag og organisasjonar

6. FORMANNSKAPET

6.1 Ansvars- og arbeidsområde – generelt

Formannskapet behandlar dei sakene som er bestemt i K.loven § 8 nr. 3, og avgjer saker som Kommunestyret har gitt fullmakt til å avgjera. Formannskapet kan elles ta opp til behandling saker som ikkje etter lov, forskrift eller kommunale vedtak skal behandlast av andre organ.

Formannskapet er overordna organ i høve til andre faste utval i saker som ligg innanfor Formannskapet sitt ansvars- og myndighetsområde.

Formannskapet er klageinstans for enkeltvedtak gjort av kommunen, jfr Forvaltnings-lovens § 28 andre ledd, med mindre anna følgjer av særlov.

Formannskapet fører kontroll med at vedtak innanfor arbeidsområdet blir gjennomført.

Formannskapet er:

- Økonomiplan- og budsjettutval – jfr K.loven §§44 nr. 3 og 45 nr. 2.

Formannskapet har følgjande oppgåver:

- Ansvar for å ta initiativ til og samordna plan- og utviklingstiltak i kommunen.
- Gi uttale på vegne av kommunen i saker innanfor sitt ansvars- og arbeidsområde som ikkje er delegert til rådmannen.
- Ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedommar.
- Ansvar for å skaffa nødvendig bygningsmasse, anten ved nybygg, utnytting av eksisterande bygg, eller ved innleige.
- Ansvar for å ivareta kommunen sine interesser som eigar av fast eigedom i saker som høyrer inn under Lov om planlegging og byggesaksbehandling, nabolov eller andre lover.

6.2 Utvida myndighet i hastesaker (K.loven § 13)

Formannskapet får delegert avgjerdsmyndighet i saker som skulle vore avgjort av Kommunestyret sjølv, eller av eit fast utval som Kommunestyret har delegert myndighet til, når det er nødvendig at vedtak blir gjort så raskt at det ikkje er tid til å innkalla Kommunestyret eller det faste utvalet, jfr. K.loven § 13 nr. 1 ("hasteparagrafen"). Melding om vedtak gjort i medhald av denne bestemmelsen blir lagt fram for vedkomande organ i neste møte, jfr. K.loven § 13 nr. 2.

6.3 Delegering

6.3.1 Delegering til formannskapet i budsjettsaker

Behandlar og gir innstilling til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak, jfr. K.loven § 45 nr. 2.

Behandlar og gir innstilling i budsjettendringssaker etter dei reglar som går fram av økonomireglementet.

Formannskapet sine budsjettfullmakter elles går fram av økonomireglementet.

- Innanfor godkjende økonomiske rammer i årsbudsjett og økonomiplan blir formannskapet delegert fullmakt til å:
- Inngå avtalar om grunnerverv og stå for kjøp av fast eigedom når dette ikkje er delegert til rådmannen.
- Inngå avtalar om sal av grunn til bustadføre mål der dette ikkje er omfatta av rådmannen sine fullmakter.
- Inngå avtalar om sal av grunn til næringsføre mål eller leggja føresetnader for salet der dette ikkje er omfatta av rådmannen sine fullmakter.
- Ansvarleg for å inngå avtalar om sal av større tilleggsareal.
- Stå for planlegging og oppføring av kommunale bygg inkl. uteareal, jfr. reglement for gjennomføring av kommunale byggeprosjekt.
- Ansvarleg for innkjøpsprosedyrar etter Lov om offentlige anskaffelser av 16. juli 1999 nr. 69 med forskrifter og gjeldande retningsliner.

6.3.2 Delegering etter særlov

Formannskapet blir delegert myndighet til å treffa vedtak innanfor gjeldande rammer og retningsliner der kommunen er gitt myndighet etter følgjande lover med forskrifter:

- **Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008 nr. 71**
 - Utarbeida forslag til planstrategi og senda ut på høyring - § 10
 - Utarbeida forslag til kommuneplan og senda ut på høyring - § 11
 - Fastsetja planprogram for kommunedelplanar - § 11-13, 2. ledd
 - Leggja ferdigbehandla plan fram for kommunestyret - § 11-15
- **Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v av 2. juni 1989 nr. 27.**
 - Innvilga eller avslå søknader om sals- og skjenkeløyve av alkoholholdig drikk i samsvar med retningsliner vedtatt av kommunestyret - §§ 1-6 og 1-7.
 - Behandla saker frå kontollutval for omsetning av alkoholholdig drikk
- **Lov om serveringsvirksomhet av 13. juni 1997 nr. 55.**
 - Ta avgjerd i saker om serveringsløyve som er av prinsipiell karakter.
- **Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd av 07. juni 1996 nr. 32**
 - Fastsetje festeavgift etter § 21, 2. ledd

7. HOVUDUTVAL FOR LOKAL UTVIKLING

7.1 Ansvars- og arbeidsområde generelt

Hovudutval for lokal utvikling avgjer saker som Kommunestyret har gitt dei fullmakt til å avgjera. Lokal utvikling kan elles ta opp til behandling saker som ikkje etter lov, forskrift eller kommunale vedtak skal behandlast av andre organ.

Hovudutvalet er overordna organ i forhold til andre faste utval i saker som ligg innanfor Hovudutvalet sitt ansvars- og myndighetsområde.

Hovudutvalet fører kontroll med at vedtak innanfor arbeidsområdet blir gjennomført.

Hovudutval for lokal utvikling har følgjande oppgåver:

- Ansvar for å samordna arealplanlegginga i kommunen og behandla plan- og byggesaker som ikkje ligg til kommunestyret eller er delegert til rådmannen.
- Gi uttale på vegne av kommunen i saker innanfor sitt ansvars- og arbeidsområde, som ikkje er delegert til rådmannen
- Ansvarleg for sektorovergripande samordningsoppgåver for miljøprosjekt som gjeld fleire tenesteområde.
- Landbruksmyndighet, jfr. jordloven § 3
- Gatenamn
- Tildeling av kulturpris og –stipend
- Gi uttale som førsteinstans i klagesaker av prinsipiell karakter innan sitt ansvarsområde (Jf fvl. § 33), når klagesakene skal endeleg avgjerast i statleg klageinstans.

7.2 Utvida myndighet i hastesaker (K.loven § 13)

Lokal utvikling blir delegert avgjerdsmyndighet i saker som skulle vore gjort av Kommunestyret sjølv eller eit fast utval som Kommunestyret har delegert myndighet til, når det er nødvendig at vedtak blir gjort så raskt at det ikkje er tid til å kalla inn Kommunestyret eller det faste utvalet, jfr. K.loven § 13 nr. 1. Melding om vedtak gjort i medhald av denne bestemmelsen blir lagt fram for Kommunestyret i førstekomande møte jfr. § 13-2.

7.3 Delegering etter særlov

Lokal utvikling blir delegert myndighet til å gjera vedtak innanfor gjeldande rammer og retningsliner der kommunen er gitt myndighet etter følgjande lover med forskrifter: 8

- **Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008 nr. 71**
 - Avgjerdsmyndighet i saker som er av prinsipiell karakter, m.a § 1-8 (forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag, kap. 19 (søknad om dispensasjon) og kap. 13 (mellombels forbod mot tiltak).
 - Vedtaksmyndighet i bygge- og sanksjonssaker som rådmannen finn grunn til å leggja fram for politisk behandling
 - Gje uttale som førsteinstans i klagesaker av prinsipiell karakter
 - Utarbeida forslag til reguleringsplanar - § 12-1, 2. ledd
 - Fastsetja planprogram, og avgjera om det skal gjennomførast ei områderegulering - § 12-9, 3. og 4. ledd
 - Senda forslag til reguleringsplan på høyring - § 12-10
 - Leggja ferdigbehandla forslag fram for kommunestyret, og elles gi uttale og senda saka til departementet via fylkesmannen
 - Gjera vedtak om mindre endingar i reguleringsplan eller vedta utfyllingar innanfor hovudtrekka i reguleringsplanen - § 12-14, 2. ledd
 - Avgjera om privat forslag til reguleringsplan skal behandlast - § 12-11
- **Lov om jord av 12. mai 1995 nr. 23**
- **Lov om skogbruk 27. mai 2005 nr. 31 (skogbrukslova)**
- **Lov om eigedomsregistrering av 17. juni 2005 nr 101 (matrikkelloven)**
- **Lov om eierseksjoner av 23. mai 1997 nr. 31**
- **Lov om odelsretten og åsetesretten av 28. juni 1974 nr. 58**
- **Lov om forpakting av 25. juni 1965 nr. 1**
- **Vegloven av 21. juni 1963 nr. 23 med forskrifter**
 - Kommunen som vegmyndighet - § 9
 - Vedta bygging, opptak eller nedlegging av kommunal veg innanfor økonomiske rammer i budsjettet - §§ 5 – 7
- **Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy av 21. juni 2002 nr. 45**
- **Vegtrafikkloven av 18. juni 1965 nr. 4 med forskrifter**
- **Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977 nr. 82**
- **Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg av 16. mars 2012 nr. 12 med forskrifter**
- **Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonsloven) av 28. november 2003 nr. 98**
- **Lov om jakt og fangst av vilt (Viltloven) av 29. mai 1981 nr. 38**
- **Lov om laksefisk og innlandsfisk m.v. av 15. mai 1992 nr. 47**
- **Lov om akvakultur av 17. juni 2005 nr. 79**
- **Lov om vassdrag og grunnvann (Vannressursloven) av 24. november 2000 nr. 82**
- **Lov om friluftslivet (Friluftsløven) av 28. juni 1957 nr. 16**
- **Lov om rett til miljøinformasjon og deltakelse i offentlige beslutningsprosesser av betydning for miljøet (Miljøinformasjonsloven) av 9. mai 2003 nr. 31**
 - **Lov om forvaltning av naturens mangfold av 19. juni 2009 nr. 100**
 - **Lov om stadnamn av 18. mai 1990 nr. 11**
 - **Lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50**
 - **Lov om folkebibliotek av 20. desember 1985 nr 108**
 - **Lov om vern mot forurensning og avfall av 13. mars 1981 nr. 6**

8. HOVUDUTVAL FOR SKULE OG BARNEHAGE

8.1 Ansvars- og arbeidsområde generelt

Hovudutval for skule og barnehage har ansvaret for alle skular og barnehagar, og elles all opplæring, i kommunen.

Hovudutvalet skal og gi uttale som førsteinstans i klagesaker av prinsipiell karakter innan sitt ansvarsområde (Jf fvl. § 33), når klagesakene skal endeleg avgjerast i statleg klageinstans.

8.2 Ansvars- og arbeidsområde

Hovudutval for skule og barnehage har ansvar for:

- Grunnskulen
- Skulefritidsordninga (SFO)
- Pedagogisk/psykologisk teneste (PPT)
- Barnehagane
- Vaksenopplæringa
- Kulturskulen
- Andre undervisningsføremål

8.2 Delegering

Hovudutval for skule og barnehage blir delegert avgjerdsmyndighet i alle saker som høyrer inn under utvalet sitt ansvarsområde som det etter lover, forskrifter og statlege vedtak er høve til å delegera til utvalet. Dette gjeld i den grad myndighet ikkje er delegert til andre kommunale organ eller rådmannen.

8.3.1 Delegering etter særlov

- **Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringsloven) av 17. juli 1998 nr. 61**
 - Oppnemna/velja representantar til samarbeids- og skulemiljøutval - § 11-1
 - Senda søknad om forsøksverksemd eller avvik - § 1-4 og 2-3 siste ledd
- **Lov om barnehagar av 17. juni 2005 nr. 64**
 - Oppnemna/velja eigarrepresentantar til samarbeidsutval i dei kommunale barnehagane - § 4
 - Godkjenna plan for tilsyn med alle barnehagane i kommunen - § 16
 - Godkjenna vedtektene for dei kommunale barnehagane - §7
- **Lov om voksenopplæring av 19. juni 2009 nr. 95**

9. HOVUDUTVAL FOR HELSE OG VELFERD

9.1 Ansvars- og arbeidsområde generelt

Hovudutval for helse og velferd er styre for kommunen sine helse-, sosial- og velferdsinstitusjonar og -funksjonar/-tenester.

Hovudutvalet skal og gi uttale som førsteinstans i klagesaker av prinsipiell karakter innan sitt ansvarsområde (Jf fvl. § 33), når klagesakene skal endeleg avgjerast i statleg klageinstans.

9.2 Ansvars- og arbeidsområde

Hovudutval for helse og velferd har ansvar for velferdsstenester, helsetenester sosiale tenester og barnevern.

9.3 Delegering

Hovudutval for helse og velferd blir delegert avgjerdsmyndighet i alle saker som høyrer inn under utvalet sitt ansvarsområde som det etter lover, forskrifter og statlege vedtak er høve til å delegera til utvalet. Dette gjeld i den grad myndighet ikkje er delegert til andre kommunale organ eller rådmannen. Hovedutvalet prioriterer innen tjenesteområdene.

9.3.1 Delegering etter særlov

- **Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester av 24. juni 2011 nr. 30 med forskrifter**

Hovudutval for helse og velferd skal særleg ivareta kommunens interesser på følgjande område:

- Kap. 1 Formål og virkeområde
- Kap. 3 Kommunens ansvar for helse- og velferdstjenester
 - § 3-1 Kommunens overordnede ansvar for helse- og omsorgstjenester
 - § 3-2 Kommunens ansvar for helse- og omsorgstjenester
- Herunder vedta tildelingsreglar for omsorgsbustader med heildøgns omsorg § 3-2 pkt 6c
 - § 3-3 Helsefremmende og forebyggende arbeid
 - § 3-4 Kommunens plikt til samhandling og samarbeid
- Kap. 7 Individuell plan, koordinator og koordinerte enhet

- **Lov om barneverntjenester av 17. juli 1992 nr. 100**
 - Motta og eventuelt gje uttale til rapportar, statistikkar m.v.

- **Lov om helsemessig og sosial beredskap av 23. juni 2000 nr. 56**
 - Tilsynsansvar, beredskapsførebuing og beredskapsarbeid innan kommunen sitt myndighetsområde - § 2-2. Utvalet innstiller til kommunestyret når det gjeld beredskapsplanar.

- **Lov om vern mot smittsomme sykdommer (Smittevernloven) av 5. august 1994 nr. 55**
 - Gje innstilling til smittevermpla etter innstilling frå kommunelegen - § 7-2

- **Lov om strålevern og bruk av stråling av 12. mai 2000 nr. 36, jfr Forskrift om strålevern og bruk av stråling**
 - Føra tilsyn med solarier og sikra retting - §§18 og 19
 - Gjennomføra stansing, tvangsmulkt - §§ 19 og 21 og gjera vedtak i saker av prinsipiell karakter.

10. ADMINISTRASJONSUTVALET

10.1 Ansvars- og arbeidsområde

Administrasjonsutvalet er etter kommuneloven § 25 eit partssamansett utval som behandlar saker som gjeld tilhøvet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Administrasjonsutvalet er likestillingsutval.

Administrasjonsutvalet skal minst to gonger i året drøfta personalsituasjonen i kommunen, m.a rekruttering, kompetanse, helse, miljø og sikkerhet (HMS), sjukefråvær og andre personalrelaterte saker.

10.2 Delegering

Administrasjonsutvalet har innanfor økonomiplanen sine rammer og etter retningsliner fastsette i lov eller i delegeringsvedtak frå kommunestyret myndighet til å:

- Stå for tilsetjing/oppseiing av kommunalsjefar, personal- og organisasjonssjef og økonomisjef
- Vedta kommunen sin overordna arbeidsgjevarpolitikk
- Oppretta ad-hoc-utval for tidsavgrensa oppgåver innanfor utvalet sitt arbeids- og ansvarsområde
- Godkjenna andre lokale avtalar på personalområdet, som ikkje er delegert til rådmannen

Administrasjonsutvalet, utan dei tilsette sine representantar, har myndighet til å ta avgjerd i følgjande saker:

- Forslag til sentrale avtalar
- Kommunen sine lønnspolitiske retningsliner
- Leiaravtale for rådmannen

Administrasjonsutvalet skal gje tilråding i følgjande saker:

- Tilsetjing/oppseiing av rådmann
- Fastsetjing av administrativ hovudstruktur
- Nedbemanning
- Konkurransetsetjing av tenester som vedkjem tilsette

10.3 Forhandlingsutval – løn

Forhandlingsutval løn er eit arbeidsgjevar-organ.

Utvalet gir rammer for lønsforhandlingane, og forhandlar/fastset løn for rådmannen og medlemmene i rådmannen si leiargruppe, jf.. houdtariffavtalen punkt 3.4.1.

10.4 Forhandlingsutval – grunnkjøp

Forhandlingsutval – grunnkjøp skal ivareta kommunen sine interesser i forhandlingar med private interessentar og grunneigarar i saker som gjeld offentlege/allmenne interesser samt kjøp og sal av kommunal eigedom.

Utvalet kan sjølv engasjera seg direkte i forhandlingane når utvalet finn det føremålstenleg, eller gi rådmannen rammer for arbeidet

11. KONTROLLUTVAL FOR OMSETNING AV ALKOHOLHALDIG DRIKK

12.

- **Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v av 2. juni 1989 nr. 27**
 - Kontroll av sal- og skjenkeløyve, oppfølging av rapportar frå skjenkekontrollen med reaksjon etter kommunalt reglement - § 1-9
 - Årleg rapport til kommunestyret - § 10-8 1. ledd

12. KLAGENEMND

- Formannskapet er kommunal klagenemnd etter forvaltningslova § 28, 2. ledd.

13. AJOURHALD OG REVIDERING AV POLITISK DELEGERINGSREGLEMENT

Ajourhald og justeringar på grunn av endringar i lover og forskrifter er rådmannen sitt ansvar, så sant dette ikkje fører til prinsipielle endringar i reglementet eller omfanget av fullmaktene i reglementet. Ved tvil blir spørsmål lagt fram for formannskapet for vedtak. Reglementet skal ha ein hovudrevisjon ein gong i kommunestyreperioden.

Vedtatt i Klepp kommunestyre 14.11.16 sak 59/16.